
Saknr: 2020/45559-2
Saksbehandlar Inge Edvardsen
Dato: 01.04.2020

Til: Sekretariat for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilbakemelding på oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet

Fylkestinget i Hordaland gjorde 02.10.2018 følgjande samrøystes vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottak opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.

Fylkesrådmannen vil i det følgjande gi status per 1.april 2020 for oppfølging av revisjonsrapporten i samsvar med tidsplanen som var gitt i handlingsplan etter forvaltningsrevisjonen 25.01.2019. Det vart gitt status på oppfølging av forbetningspunkta 14. mai 2019. Ein del av statusoppdateringane frå mai 2019 er tatt med for å sikre samanheng i svara, desse er merka.

Forbetringspunkt som er svart ut

- *Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.*
 - Brev med førespurnad vart sendt samferdselsdepartementet 14.mai 2019. I svaret frå departementet som kom 28. juni same år viser dei til forskrift om sivil transportberedskap og fylkeskommunen sine plikter utifrå denne. Konkret vert det i brevet vist til ei kartlegging av fylkeskommunane sitt arbeid med transportberedskap, på grunn av dette pågåande arbeidet vil ikkje departementet gi konkrete føringar på kor detaljert fylkeskommunen skal planlegge transportberedskapen.
- *Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.*
 - Skyss har levert på dette punktet ved sist status.

Forbetringspunkt som det arbeidast vidare med i avdeling for infrastruktur og veg (INV)

- *Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.*
 - Brev frå samferdselsdepartementet gir ikkje eit utfyllande svar på kor detaljert denne planlegginga skal vere. Det er starta opp ein prosess for å utarbeide risikoanalyse for INV, dette arbeidet vil leide fram til ein beredskapsplan for avdelinga. Samstundes vil resultatene av dette arbeidet nyttast til å utarbeide ein samla risikoanalyse og ein felles overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen meiner dette forbetringspunktet vert sikra best mogeleg oppfølging gjennom at det innarbeidast i dette arbeidet.
- *At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.*
 - Dette vart svara ved status i mai 2019:
Ny sikkerhetslov trådte i kraft frå 01.01.2019. Den nye lova omfattar no òg t.d. infrastruktur og samfunnskritiske objekt m.a. innafor samferdselssektoren og lova gjeld i fremste rekke statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd. Den nye lova slår med andre ord direkte inn i fagområdet som er omhandla i Transportberedskap Hordaland. Endringane som skjer innanfor samferdselsområdet som resultat av samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune, og i tillegg overføringa av fagområde frå Statens vegvesen til fylkeskommunen tilseier òg at dette arbeidet må sjåast i ein større samanheng enn det som er tilfellet for det dokumentet som føreligg no. Samla sett meiner fylkesrådmannen at det er lite føremålstenleg å slutføre dokumentet Transportberedskap Hordaland på noverande tidspunkt.
 - I arbeidet med risikoanalyse og kriseplan for INV, som nemnt i punktet over, må det takast stilling til korleis Vestland fylkeskommune skal følgje opp forskrift om sivil transportberedskap i høve til kravet om å utarbeide ein risikoanalyse for å sikre seg oversikt over transportbehov ved ulike typar av kriser, det må då òg sjåast nærmare på kva innverknad ny sikkerheitslov for dette arbeidet.

Forbetringspunkt som det arbeidast vidare med i Vestland fylkeskommune som heilheit

- *Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.*
 - Dette vart svara ved status i mai 2019:
Det vart orientert om forvaltningsrevisjonen i fylkesvegrådet 09.01.2019, då vart òg dette forbetringspunktet tatt opp. Statens vegvesen gjennomfører rutinemessig evaluering etter hendingar på vegnettet, og meinte i møtet det ver ein god ide å orientere politisk nivå om uønskete hendingar og evalueringa av dei. Per i dag er visse aspekt av desse problemstillingane dekkja inn i leveranseavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Men perspektivet som ligg til grunn er meir utifrå økonomiske konsekvensar av uønskete hendingar, enn læringspotensialet som ligg i handteringa av dei. Dette må i det vidare følgjast opp i utarbeiding av rutinar internt i Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Då skal alle funksjonar innafor førebygging, handtering, oppfølging og evaluering av hendingar på veg ivaretakast innafor Vestland fylkeskommune.
- *Å utarbeide skriftlege rutiner knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.*
- *Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottak opplæring knytt til eigen rolle.*
- *Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.*
- *Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.*
 - Dette vart svara ved status i mai 2019:
Oppbygging av ny kriseorganisasjon skjer samstundes som det vert etablert ny organisasjonsstruktur for Vestland fylkeskommune. Arbeidet med utarbeiding av nytt krise-, beredskapsplanverk for Vestland fylkeskommune er i prosess, og bør i hovudtrekk vere klart til 01.01.2020.

På bakgrunn av arbeidet med delprosjekt 16, beredskap i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane, har det vorte utarbeida ein mellombels beredskapsplan for Vestland fylkeskommune basert på Sogn og Fjordane sin beredskapsplan.

Endeleg har det vorte sett krav til alle avdelingane i Vestland fylkeskommune om at dei skal utarbeide eigen beredskapsplan og risikoanalyse. Denne risikoanalysen vil ligge til grunn for ny overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune. Det vert lagt opp til årleg revisjon av denne planen, den skal òg gjennomgåast etter hendingar der beredskapsplan/kriseorganisasjon har vorte nytta. Endeleg oppfølging av forbetringspunktta over kan etter fylkesrådmannens skjøn best løysast gjennom, og integrerast i, prosessane som skal føre fram til ein ny beredskapsplan for heile Vestland fylkeskommune.